

Behandling i Kommunestyret - 13.12.2018

Votering:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Med heimel i lov om eigedomsskatt til kommunane av 6.juni 1975 nr. 29 §§ 2 og 3 vedtek kommunestyret å skrive ut eigedomsskatt i kommunen for 2019.
2. Eigedomsskatten blir skriven ut for alle eigedomar i heile kommunen.
3. I medhald av lov om eigedomsskatt § 7 blir eigedommar som er nemnt i § 7 bokstavane a, b, og c fritatt for eigedomsskatt, men slik at det generelle fritaket for bustader som nemnt i bokstav c skal vere avgrensa til 5 år.
4. For 2019 blir eigedomsskatten fastsett til kr 7,- av kvar kr 1 000,- i takstverdi. For bustadar og fritidseigedomar blir det fastsatt redusert skatt på kr 6,50 av kvar kr 1.000 i taksverdi, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a.
5. Takstvedtekter for eigedomsskatt vedteke i kommunestyret 29.03.2012 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jf. eigedomsskattelova § 10.
6. Eigedomsskatten blir skriva ut i to terminar, og blir kravd inn saman med kommunale avgifter 20. april og 20. oktober 2019.
7. Eigedomsskatteinntekta for 2019 blir fullt ut innarbeidd i driftsbudsjettet.